



Sjekkliste for eigenrevisjon



2 HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

© Matmerk
Versjon 2020.5

Spørsmål som krever dokumentasjon vises med symbolet



Arbeidsmiljølova krev at alle skal ha eit fullt forsvarlig arbeidsmiljø. HMS standarden i KSL er eit verktøy for å skape sikkerheit, godt arbeidsmiljø og trivsel for alle på garden. HMS (helse, miljø og sikkerheit) dreier seg om å ta vare på • arbeidsmiljøet • det ytre miljøet • materielle verdiar • sikkerheit i samband med sal av tenester og produkt HMS er eit praktisk fag, men på nokre område må du oppgje dokumentasjon. HMS-krava byggjer på internkontrollforskrifta Krava som KSL stiller til helse, miljø og sikkerheit, byggjer på internkontrollforskrifta. Denne forskrifta seier at alle norske verksemder skal ha eit internkontrollsystem. Krava gjeld alle gardsbruk, anten dei har tilsette eller ikkje. Du har ansvar for helse og sikkerheit på garden din Det offentlege regelverket er utforma for å verne om dei som arbeider og bur på garden. Den som driv garden, har ansvar for å ta vare på helsa og sikkerheita til seg sjølv, familien, dei tilsette og folk som er på besøk. Styresmaktene krev dokumentasjon som viser at du har rutinar for å halde orden på dette på garden. Styresmaktene kontrollerer kvart år eit utval av gardane for å sjå til at dei følgjer lover og reglar. HMS-standarden i KSL oppfyller HMS-krava som gjeld for norske gardsbruk. Sikkerheit og trivsel i arbeidssituasjonen er viktig for helsa Stress, åleinearbeid og pressa økonomi er faktorar som kan bidra til ulykker. Difor er det viktig at du held aktiv kontakt med yrkesfellar og andre. Så langt råd er, bør du ta ferie og passe på å ta pausar, også i periodane med intensivt arbeid. Du skal gjennomføre vernerundar og gjere risikovurderingar Som ein del av eigenrevisjonen skal du kvart år gjennomføre ein vernerunde på garden. Vernerunden er viktig for å finne risikoområde. Dei som er med på vernerunden, skal sjå etter og notere ned det som kan utgjere ein fare, og kva som skal gjerast for å utbetre området det gjeld. Vernerundar er omtalt under punkt 2.2. Ein viktig del av HMS-arbeidet er å vurdere kva risiko ulike aktivitetar og arbeidssituasjonar kan medføre. Har du gjort gode risikovurderingar, er det lettare å gjere gode førebyggjande tiltak, slik at du unngår skadar og ulykker. Risikovurdering er omtalt under punkt 2.3. Sikker jobb-analyse (SJA) Arbeidstilsynet krev at det skal vere gjennomført ein «sikker jobb-analyse» (SJA) ved oppgåver som lett kan føre til personskadar eller materielle skadar. Skjema for gjennomføring av SJA finn du på ksl.no. Vil du ha meir oppfølging? Viss du vil bli følgt opp vidare i HMS-arbeidet, kan du kontakte Norsk Landbruksrådgiving HMS (NLR HMS). Dei tilbyr HMS-rådgjeving på garden, hjelp til å byggje opp HMS-systemet på garden i tråd med denne standarden og arbeidshelsesamtale hos bedriftshelsetenesta NLR HMS tilbyr også kurs i praktisk HMS-arbeid og andre kurs om HMS-tema. Du finn meir informasjon på hms.nlr.no.

2.1 MÅL OG ORGANISERING



2.1.1 Har du sett deg mål for arbeid med helse, miljø og sikkerheit (HMS) på garden?

Internkontrollforskrifta krev at du som bonde set deg eigne mål for arbeid med helse, miljø og sikkerheit på garden. I KSL-systemet skriv du inn kva mål du har når det gjeld arbeidsmiljø og brann- og elsikkerheit. I tillegg skal du føre opp kven som er hovudansvarleg for HMS-arbeidet, og eventuelt om det er fleire som har ansvar for delar av drifta.

§ Krav

Arbeidsmiljøloven	Lovkrav
Internkontrollforskriften	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

2.1.2 Blir det arbeid planmessig med orden på garden med tanke på effektiv og sikker drift, brannvern, trivsel og omdøme?

God orden på garden gjev meir effektiv drift og betre trivsel. Ryddige driftsbygningar og orden på uteareala kan hindre eller seinke spreiding av eld dersom det oppstår brann. God orden er viktig for omdømet til landbruket, og det er også med på å skape effektiv drift og eit sikrere arbeidsmiljø.

§ Krav

Arbeidsmiljøloven	Lovkrav
-------------------	---------

2.2 VERNERUNDE

2.2.1 Er golv og gangareal sklisikre og frie for hindringar, så langt det er råd?

Golv eller underlag skal vere skli- og snublesikkert. Hald golv og gangareal tørre og ryddige. På område der det ikkje er råd å unngå at overflata er glatt, må ein ta ekstra omsyn. Vel rett fottøy og ta nødvendige forholdsreglar. Nivåskilnader i golv skal vere godt markerte og opplyste. Hald gangveggar så slette og jamne som råd for å unngå snubling, og strø når det trengst.

§ Krav

Arbeidsplassforskriften	Lovkrav
-------------------------	---------

2.2.2 Er område med fallfare sikra med rekkverk, luker e.l.?

Rekkverk

Golv, plattformer, trapper, gangbaner o.l. skal ha rekkverk når det er fare for at folk eller gjenstandar kan dette ned. Vurder å sikre rekkverket mot klatring der det fer born. Slik sikring kan til dømes vere finmaska netting eller loddrette spiler med maks 2 cm lysopning, og avrunda handlist som gjer balansering vanskeleg. Høgda på rekkverket skal vere minst 1 meter. Rekkverket skal ikkje ha så store opningar at det er fare for at folk kan dette igjennom. Dersom du bruker vassrette lister som fallsikring, skal det vere minst éi knelist midt mellom handlista og golvet eller fotlista.

Der det er ferdsel og det er mogleg å dette meir enn 2 meter, skal det alltid vere rekkverk eller andre vernetiltak.

Lemmar, luker og overdekking

Lemmar og lok bør vere lett handterlege, og dei bør vere hengsla, slik at dei ikkje blir flytte på. Golvet rundt ei lukeopning bør vere sklisikkert, og lukekanten bør merkast med varselfarge. I tillegg bør opninga ha ein 1,5 cm høg kant som kan stoppe ein fot som glir mot opninga.

§ Krav

Arbeidsmiljøloven	Lovkrav
Arbeidsplassforskriften	Lovkrav
KSL - Skjema for vernerunde	Bransjekrav

	Svar		
	Ja	Nei	Ikke aktuelt

2.2.3 Er trapper, stigar og leiderar i forskriftsmessig stand og brukte og sikra i samsvar med regelverket?

Trapper

Trapper skal vere lette å gå i, ha jamn stigning og ha god handlist på begge sider. Ei trapp som inngår i ein rømmingsveg, skal vere så brei at det er lett å bruke henne til rømming.

Stigar og leiderar

Ein leider er fastmontert, i motsetning til ein stige, som er laus og flyttbar. Leiderar over 3,5 meter skal ha fallsikring. Lange leiderar skal ha kvileplan. Fall frå stigar og leiderar kan førebyggjast med ulike innretningar, til dømes ryggbøyle, tau eller føringsskinne med fallsikring. Stigar skal vere sikra mot å skli eller velte. Dei skal rekkje minst 1 meter over tak eller avsats, dersom det ikkje er noko anna å halde seg fast i.

§ Krav

Arbeidsplassforskriften	Lovkrav
Arbeidsplassforskriften	Lovkrav

2.2.4 Er låvebru, silo, køyrebruer, lasterampar o.l. sikra mot utforkøyring?

Sikring av silo

For å hindre at du køyrer ned i siloen eller utfor låvebrua, lasterampen e.l., er det viktig å ha ein stoppekant. Han må vere solid utført og vere 30 cm eller høgare, avhengig av kor store hjul det er på køyretøyet som blir brukt. Toppen av siloen skal vere sikra med eit minst 1 meter høgt rekkverk eller liknande. Opningar rundt og mellom siloar skal vere sikra med rekkverk, tett golv eller liknande. Plansiloar som er utforma slik at det er fare for fall, bør ha rekkverk langs ende- og sideveggar.

Skrensekant og rekkverk på låvebru

Låvebrua skal ha skrensekant for køyretøy (tilrådd høgd 60 cm) med rekkverk som når 1 meter over brudekket. Skrensekanten skal vere solid utført og bør gå heilt ned til enden av brua.

§ Krav

Arbeidsplassforskriften	Lovkrav
Arbeidsplassforskriften	Lovkrav

2.2.5 Er kummar og dammar sikra på ein forsvarleg måte?

Brønner og kummar skal vere sikra med lok eller overbygg. Lemmar og lok bør vere så tunge at born ikkje kan opne dei, og eventuelt hengsla, slik at dei ikkje blir flytte på.

Gjerde rundt dammar nær hus bør gå heilt ned til marka, vere minst 1,50 meter høge og ha solid fundament. Portar og grinder må ha solid lås eller anna lukkeinnetning. Gjerde med port eller grind må vere laga av solide materiale og vere så tette at born ikkje kan kome gjennom dei. Overdekking, overbygning, lok, lås og gjerde med port eller grind skal holdast i forsvarleg stand.

§ Krav

Arbeidsplassforskriften	Lovkrav
-------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

2.2.6 Er det gjort tiltak for å hindre skadar frå gjenstandar som kan dette ned eller velte?

Fall eller fallande/veltande gjenstandar er årsak til mange skadar og dødsulykker i landbruket. Under nemner vi nokre område du bør vere merksam på. Legg særleg vekt på dette området dersom det er born på garden.

Reiskapar, dekk, pallar, rundballar, storsekkar, taljer, frontlastar m.m. skal sikrast mot å dette, velte eller rase saman. I område der folk ferdast, må det sikrast mot ras frå tak.

§ Krav

Arbeidsplassforskriften	Lovkrav
-------------------------	---------

2.2.7 Har alle traktorar og mobile arbeidsmaskiner som kan velte under bruk, montert setebelte?

Som drivar av garden har du ansvar for at det tekniske utstyret er forsvarleg verna og konstruert. Traktoren er den maskina som er årsak til flest skadar og ulykker. Bruk av setebelte kan vere avgjerande for korleis det går ved velt og utforkøyning. Kravet om setebelte gjeld alle typar mobile arbeidsmaskiner som har risiko for å velte.

Forskrift om utførelse av arbeid § 19-4 Farer ved velting gjev utfyllande reglar om korleis mobilt arbeidsutstyr skal sikrast mot velteulykker. I teksten under gjev vi att heile paragrafteksten.

§ 19-4. Farer ved velting

Mobilt arbeidsutstyr som kan velte under bruk og som har plass for fører eller arbeidstakere skal ha:

- enten en vernekonstruksjon som sikrer at utstyret ikke velter mer enn en kvart omdreining, eller
- en konstruksjon som gir tilstrekkelig rom omkring føreren og de arbeidstakere som befinner seg på arbeidsutstyret, dersom veltebevegelsen kan fortsette mer enn en kvart omdreining, eller
- en annen innretning med tilsvarende virkning.

Vernekonstruksjonene kan være en integrert del av arbeidsutstyret.

Vernekonstruksjoner kreves ikke når arbeidsutstyret er stabilisert under driften, eller dersom utformingen gjør velt umulig.

Dersom det er fare for at en arbeidstaker som befinner seg på arbeidsutstyret, skal kunne bli klemt mellom deler av arbeidsutstyret og bakken ved velt, skal det finnes en fastspenningsinnretning for disse arbeidstakerne.

Løfte- og stablevogner som fører med seg én eller flere arbeidstakere, skal ha:

- en konstruksjon som hindrer velt, eller
- et veltesikkert vern, eller
- en konstruksjon som sikrer at det forblir en tilstrekkelig klaring for arbeidstakerne mellom bakken og utstyret dersom løfte- og stablevognen velter, eller
- en konstruksjon som spenner arbeidstakerne fast til føreriset og derved hindrer at de blir knust mellom bakken og deler av løfte- og stablevognen ved velt.

Traktor skal være utstyrt med typegodkjent førervern (førerhus eller verneramme) som beskytter føreren ved velt og steiling.

§ Krav

Forskrift om utførelse av arbeid	Lovkrav
----------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

2.2.8 Er verneinnretningar på traktorar, maskiner og reiskapar på plass og i orden?

Kraftuttak på traktorar og maskiner, og kraftinntak på reiskapar, skal vere skjerma med eit fast vern. Kraftoverføringsakselar skal skjermast med eit røyvern. Reimar, kjeder, tannhjul, transportskruar og andre rørlige delar skal utstyrast med vern.

§ Krav

Forskrift om utførelse av arbeid	Lovkrav
----------------------------------	---------

2.3 RISIKOVURDERING

2.3.1 Har du rutinar for å avdekkje moglege farar ved bruk av ulike typar maskiner og reiskapar?

Ein del arbeidsreiskapar, t.d. rundballepresse, treskar, silorivar, fôrmiksar, utgjer ein større fare for ulykker og må handterast deretter. Det er viktig å sikre seg ved å stoppe drivverk og motor før ein eventuell inspeksjon.

Viss ein bruker rundballepresse i bratt terreng, kan pressa velte idet ho slepper ut ein rundball, og rundballar kan kome på avveggar.

Vernerunden skal avdekkje kva reiskapar du må vere særskilt obs på med tanke på sikkerheit.

Når du bruker ein farleg reiskap, er det viktig å vurdere kva risiko arbeidet medfører. Tenk nøye gjennom kva slag farlege situasjonar som kan oppstå, og ta nødvendige forholdsreglar slik at det ikkje oppstår skade på person eller maskin. Nokre minutt ekstra forsiktighet kan spare mykje ved at ein unngår stopp eller skade.

§ Krav

Arbeidsmiljøloven	Lovkrav
-------------------	---------

2.3.2 Er det lagt til rette for å handtere dyr på ein sikker måte slik at ein unngår ulykker?

Husdyr er den direkte årsaka til flest personskadar i landbruket. Vanlege skadeårsaker er stanging, klemming, biting og trakking. I samband med husdyrhald skjer det dessutan mange ulykker som er utløyste av andre tilhøve enn dyra sjølve. Glatte golv og «snublefeller» ute og inne er viktige utløyssande faktorar. Dei tre farlegaste arbeidsoperasjonane er flytting av dyr, føring og mjølkning. Husdyrhaldforskriftene gjev råd om korleis ein bør leggje til rette for flytting av dyra frå fjøs til transportbil. Tilpassa drivgangar, utgangar og rampar på utsida er gode tiltak. De må passe ekstra godt på når de handterer oksar, og kyr som nyleg har kalva.

Dette er nokre av dei viktige tiltaka når ein skal handtere husdyr:

- Venn dyra i ung alder til å vere i kontakt med folk.
- Ta omsyn til reaksjonsmønster til dyra.
- Følg faste og gode rutinar.
- Instruer avløyssarar om dyra dine og om arbeidsrutinar.
- Planlegg, i den grad det er mogleg, å flytte dyr slik at det er minst to personar til stades.
- Planlegg drivgangar og enkle flytterutinar ved nybygging og ombygging.
- Bruk sparkebøyle på kua når det er nødvendig.
- Sjå etter og planlegg rømmingsveggar slik at du heile tida har moglegheit til å kome deg vekk frå farlege situasjonar.

Når du skal vurdere faremoment, kan det vere god hjelp i skjemaet for risikovurdering og sikker jobb-analyse på **ksl**.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

2.3.3 Har du vurdert risikoen ved å bruke kjemikalium?

Ifølgje *forskrift om utførelse av arbeid* omfattar omgrepet kjemikalium eit svært stort spekter av stoff og samband. Det dreier seg om gassar, om faste og flytande stoff og om alle typar kjemiske samband eller stoff som blir frigjorde under ein arbeidsprosess.

Det er mange vanlege stoff som ein kanskje ikkje tenkjer på som kjemikalium, til dømes bensin, diesel og mineralgjødsel. På ein gard kan det også i mange tilfelle bli frigjort gassar i arbeidsprosessar, slik som silogass, gjødselgass og sveiserøyk.

Risikovurdering

Når du skal vurdere risikoen ved kjemikaliebruk, skal du dokumentere kva for kjemikalium som finst på garden, og korleis dei blir brukte, og du skal vurdere kva risiko dei utgjør for helse, miljø og sikkerheit. Risikovurderinga skal vere skriftleg.

Du skal velje produkt og arbeidsmetodar som gjev minst mogleg risiko. Som drivar av garden har du ansvar for å unngå forureining i form av røyk, støv, gass o.l. eller redusere det så mykje som mogleg. Hugs at born og treng vern mot støv, gass og støy! Der det ikkje finst tilpassa verneutstyr for born, må born haldast utanfor det utsette området.

Hjelpeskjema for risikovurdering av kjemisk helsefare finn du på **ksl.no**.

Kreftframkallande og arveskadelege stoff

Alle som arbeider med kreftframkallande og arveskadelege stoff, skal vere kjende med farane. Som arbeidsgjevar har du plikt til å informere om farane før dei tilsette tek stoffa i bruk.

Gravide og ammande må ikkje arbeide med slike stoff dersom risikovurderinga viser at arbeidet kan skade fosteret eller ungen. Det er forbode for born og ungdom under 18 år å arbeide med desse stoffa.

Område der de bruker kreftframkallande stoff, må merkast. Sjå til at ingen et, drikk eller røykjer i arbeidslokala eller medan midla blir brukte. Private klede og arbeidsklede skal haldast frå kvarandre, og det skal vere råd å vaske seg på eller tett attmed arbeidsstaden.

§ Krav

Forskrift om utførelse av arbeid	Lovkrav
----------------------------------	---------

2.3.4 Har du vurdert risiko ved arbeidsoppgåver som born og ungdom utfører?

Sjå til at born har trygge område å vere på. Born skal ikkje vere passasjerar på traktor eller anna utstyr dersom det ikkje finst ekstra sete med sikring.

Born og ungdom under 18 år skal ikkje setjast til arbeid som kan medføre særleg risiko, eller som overstig den fysiske eller mentale yteevna deira. Det skal gjennomførast ei risikovurdering før born eller ungdom blir sette i arbeid.

Krav til opplæring ved bruk av arbeidsutstyr, og dokumentasjon av dette, gjeld også for eigne born.

§ Krav

Arbeidsmiljøloven	Lovkrav
-------------------	---------

2.3.5 Er gardsverkstaden vurdert med tanke på brannsikkerheit?

Ein gardsverkstad inneheld ofte mange brannfarar: sveiseutstyr, slipeutstyr, brannfarlege væsker osv. For å minske risikoen må du vurdere korleis utstyret blir brukt og oppbevart, slik at det ikkje bidrar til at noko tek fyr.

§ Krav

Forskrift om utførelse av arbeid	Lovkrav
----------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

2.4 MAKSINAR OG REISKAPAR



2.4.1 Blir service og vedlikehald utført jamleg og i tråd med instruksjonsboka/brukarmanualen for den enkelte maskina?

Vedlikehald omfattar både førebyggjande og korrigerande vedlikehald. Ei forklaring av dei to formene for vedlikehald finn du hos arbeidstilsynet.no.

Vedlikehaldet skal utførast på ein sikker måte

Som hovudregel skal det berre vere råd å utføre vedlikehaldsarbeid når arbeidsutstyret er stansa og energitilførselen er kopla ifrå. Vedlikehald skal utførast på ein sikker måte, med bruk av eigna verktøy og verneutstyr. Speglar, lys, setebelte og bremsar skal etterast jamleg.

Vedlikehaldet skal dokumenterast i ei enkel servicebok

Når ein har gjort vedlikehald, skal ein dokumentere det i ei enkel servicebok der ein skriv dato og kva arbeid som er gjort.

Sjekkliste for maskiner finn du på ksl.no.

§ Krav

Forskrift om utførelse av arbeid	Lovkrav
Sikkert vedlikehald	Bransjekrav

2.4.2 Har de rutinar på garden som sikrar at setebelte blir brukt slik det står i forskrifta?

Traktor skal vere utstyrt med typegodkjent førarvern (førarhus eller verneramme) som vernar føraren ved velt og steiling. Setebelte skal brukast under køyring. Påbodet om bruk av setebelte gjeld likevel ikkje under køyring i låg fart der føraren med korte mellomrom må ut av setet, når bruken av setebeltet i seg sjølv medfører større risiko for skade, eller når det heilt klart er unødvendig.

§ Krav

Kjøretøyforskriften	Lovkrav
Forskrift om utførelse av arbeid	Lovkrav



2.4.3 Er utstyr som krev det, kontrollert og sertifisert i tråd med forskriftene?

Nokre typar arbeidsutstyr skal med visse mellomrom kontrollerast av ei sakunnig verksemd. Dette gjeld mellom anna

- silotalje (eller annan løftereiskap)
- truck
- masseflyttingsmaskin (minilastar o.l.) med større effekt enn 15 kW (20,4 hk)
- løfte- og stablevogner
- kran for løft av storsekk på såmaskin
- funksjonstest av åkersprøyte (ein del av sjekkliste 1 *Generelle krav til garden*)

Skinnegangar til føringsvogner blir ikkje rekna som trallebaner, så det krevst ikkje sakkunnig kontroll av dei, men dei skal følgjast opp med dokumentert periodisk kontroll.

Oversikt over sertifiseringsorgan for utstyr finn du på sert555.no.

§ Krav

Forskrift om utførelse av arbeid	Lovkrav
Forskrift om utførelse av arbeid	Lovkrav
Samarbeids Gruppen for Sertifiseringsorganer	Bransjekrav

2.5 ARBEIDSMILJØ

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

2.5.1 Gjennomfører de tiltak for å redusere støyplager på støyende arbeidsplassar?

Nedsett høyrsel er den vanlegaste konsekvensen av støy. Men støy kan føre til stress og hjarte- og karsjukdommar òg, og det kan auke risikoen for ulykker.

Tiltaksgrensa for jamn støy over ein arbeidsdag er 80 dB(A). Det betyr at ved støy på dette nivået og høgare skal det setjast i verk vernetiltak. Viss du ikkje kan redusere støyen, må du verne deg med høyrselvern.

Ver klar over at det ikkje berre er langvarig støy som kan skade hørselen. Kortvarige høge lyder frå til dømes spikarpistol, skot eller slipemaskin kan vere like skadeleg.

Ein reduksjon eller auke på 3 dB(A) svarer til ei halvering eller dobling av støynivået.

§ Krav

Arbeidsplassforskriften	Lovkrav
Forskrift om utførelse av arbeid	Lovkrav

2.5.2 Er det sett i verk tiltak for å førebyggje vibrasjonsskadar?

Vibrasjonar frå traktorar, maskiner og handverktøy kan over tid gje skadar. Til lengre eksponering og sterkare vibrasjon, til større risiko for skadar på musklar og nervar. Viss ein kan, bør ein ta pausar eller fordele denne typen påkjenning over tid.

Råd om korleis du kan førebyggje muskel- og skjelettplager finn du på arbeidstilsynet.no.

§ Krav

Arbeidsmiljøloven	Lovkrav
Forskrift om utførelse av arbeid	Lovkrav

2.5.3 Er det sett i verk tiltak for å førebyggje belastningsskadar?

Belastningslidingar er den hyppigaste årsaka til uførleik i landbruket. Difor er det derfor viktig å leggje vekt på dei ergonomiske arbeidstilhøva. Kroppen treng rørsle og belastning, men han blir skadd viss belastninga blir for stor.

Belastningslidingar kan ha ulike årsaker

Årsaka til belastningslidingar kan vere at arbeidet er for tungt eller for einsformig, at det skjer i uheldige arbeidsstillingar, eller at det varer for lenge. Fleire enkeltoperasjonar som kvar for seg ikkje blir sett på som tunge, kan til saman og over tid gje for høg totalbelastning. Andre tilhøve, som vibrasjonar, støy, kulde, dårleg lys og dårleg psykososialt arbeidsmiljø, kan auke risikoen for belastningslidingar.

Variert arbeid og nok pausar førebyggjer belastningslidingar

For å førebyggje belastningslidingar bør ein variere arbeidet og unngå einsformig arbeid og for stort tidspress. Utstyr skal kunne regulerast slik at det kan tilpassast den enkelte. Ved belastande arbeid der det ikkje er råd å variere, må det vere tid til nødvendig kvile og pausar.

§ Krav

Arbeidsmiljøloven	Lovkrav
-------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

2.5.4 Er det nok lys med tanke på arbeidsmiljø og sikkerheit på dei ulike arbeidsstadene?

Du må syte for godt lys ved alle arbeidsplassar og alle gang- og køyreveggar. Godt lys og ein ryddig arbeidsplass aukar sikkerheita.

I samband med eigenrevisjonen bør du gå gjennom og vurdere lystilhøva på dei stadene folk arbeider.

Det finst ulike måleinstrument for å måle lysstyrke, og hugs at ein treng meir lys etter som ein blir eldre.

Arbeidslokale og arbeidsplassar skal vere utforma og innreidde slik at dei har godt nok lys med tanke på sikkerheita og helse til arbeidstakarane.

Bruk kunstig lys der det ikkje er nok dagslys

Arbeidsplassar utandørs skal ha nok lys. Viss ikkje dagslys er nok, skal ein bruke kunstig lys. Der det er nødvendig av sikkerheitsomsyn, skal også ferdselsveggar ha kunstig lys. Styrken på lyset skal vere tilpassa arbeids- og trafikktilhøva på staden. Lysinstallasjonene skal vere tilpassa dei klimatiske tilhøva.

Sjå til at lysutstyret ikkje skaper farlege situasjonar

Lysinstallasjonar i arbeidslokale, på arbeidsplassar, i tilkomstveggar og transportveggar og ved lasteplassar skal vere plassert slik at utstyret som er valt, ikkje aukar ulykkesrisikoen for arbeidstakarane. Lyset skal vere innretta slik at det ikkje medfører fare fordi ein kan misforstå korleis maskindelar røyver seg.

§ Krav

Arbeidsplassforskriften	Lovkrav
-------------------------	---------

2.5.5 Har de rutinar på garden for bruk av, opplæring om, oppbevaring av, vedlikehald og reparasjon av eller utskifting av verneutstyret?

Som drivar av garden har du ansvar for at dei som arbeider der, bruker personleg verneutstyr når det er den einaste måten å verne liv og helse på.

For at ein skal vere verna best mogleg, er det viktig med rett og tilpassa verneutstyr. Det er viktig å vere nøyen med oppbevaring av, ettersyn med og kontroll av verneutstyret, slik at det ikkje gjev falsk tryggleik.

Kva som er rett personleg verneutstyr, må vurderast i kvart enkelt tilfelle, men det kan dreie seg om spikarsole og ståttupp i sko, verneinnlegg i klede, hanskar, hjelm, og andedratts- og hørselvern.

Kva som er rett verneutstyr, står i punkt 8 i sikkerheidsdatabladet når det gjeld kjemikalium, og i bruksretteleinga når det gjeld teknisk utstyr.

§ Krav

Arbeidsmiljøloven	Lovkrav
Forskrift om utførelse av arbeid	Lovkrav



2.5.6 Har du tilgang til sikkerheidsdatablad for alle kjemikalium som blir brukte på garden?

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Alle verksemdar skal ha stoffkartotek med sikkerhetsdatablad for helsefarlege og brann- og eksplosjonsfarlege stoff (til dømes plantevernmiddel, olje og vaskemiddel).
Sikkerhetsdatabladet skal vere tilgjengeleg der kjemikalia blir lagra, og der dei blir brukte.

Stoffkartoteket kan vere elektronisk og/eller i papirutgåve, og det skal vere bygd opp slik at det er lett å søkje fram informasjon om det enkelte kjemikaliet.

Leverandørar av kjemikalium har plikt til å skaffe til vegar sikkerhetsdatablad.

Sikkerhetsdatablada gjev informasjon om behandlingmåte og førstehjelp

Sikkerhetsdatabladet inneheld livsviktige opplysningar for lege og sjukehus. Ha sikkerhetsdatablada tilgjengelege, slik at helsepersonell og hjelpemannskap fort kan finne opplysningar om behandlingmåte. Sikkerhetsdatabladet inneheld også instruksar om nødvendig førstehjelp som ein kan utføre utan medisinsk kompetanse eller avansert utstyr.

Mellomlagringskanner skal ha etikettar med informasjon som svarer til den på originalemballasjen.

Informasjonen på sikkerhetsdatabladet er viktig for vurdering av arbeidsmiljø og risiko

Sikkerhetsdatablad er systematisk oppbygde. Dei inneheld 16 punkt som alltid står i same rekkefølgd. Det er bestemte opplysningar som skal stå i kvart punkt. Punkt 2, 4, 7, 8 og 11 er særleg viktige å ta omsyn til når ein skal vurdere arbeidsmiljø og risiko:

Punkt 2 – Viktigaste faremoment: Dette er «konklusjonen» på databladet, der det står kva faremoment som er knytte til stoffet når det gjelder helse, brann og miljø. Her står det kva for faremerke som skal stå på emballasjen.

Punkt 4 – Førstehjelpstiltak: Her står det opplysningar om førstehjelpstiltak. Tiltaka skal vere forklarte slik at ein kan forstå dei utan spesiell opplæring, og ein skal kunne gjere dei utan avansert utstyr.

Punkt 7 – Handtering og lagring: Her står det kva eigenskapar og farar som er knytte til stoffet. I tillegg inneheld punktet rettleiing i korleis ein skal handtere og lagre stoffet.

Punkt 8 – Eksponeringskontroll og personleg verneutstyr: Her står det korleis ein skal førebyggje skadar, og kva verneutstyr ein må bruke, dersom dette er nødvendig.

Punkt 11 – Helsefareopplysningar (toksikologiske opplysningar): Dette punktet gjev opplysningar om korleis stoffet blir teke opp i kroppen. Det fortel også kva verknad kjemikaliet har, både ved akutt og ved gjenteken eksponering. Dette punktet er utarbeidd med tanke på bedriftshelseteneste og medisinsk personell.

Punkt 10 – Stabilitet og reaktivitet: Dette punktet gjev opplysningar om moglegheita for at det kan skje farlege reaksjonar.

Punkt 13 og 14 gjev opplysningar om høvesvis avfallshandtering og transport.

Ein av grunnane til at sikkerhetsdatablada er så omfattande, er at dei er verktøy for både småbedrifter og store industriføretak – også slike som lagar egne blandingar. Sikkerhetsdatablada skal gje viktige opplysningar mellom anna om transport og lagring, og om stoff som er sette saman av fleire komponentar. Som bonde treng du ikkje all denne informasjonen, men for brannmannskap og helsepersonell er dette avgjerande. Difor skal heile sikkerhetsdatabladet finnast der kjemikaliet blir brukt – og det skal vere lett tilgjengeleg for alle.

Giftinformasjon

Informasjon om giftstoff får du på telefon 22 59 13 00. Dette nummeret bør du lagre på telefonen slik at du finn det raskt i ei krise.

§ Krav

Forskrift om utførelse av arbeid	Lovkrav
----------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

2.5.7 Har alle på garden kjennskap til kvar dei finn sikkerhetsdatablada til kjemikalia på garden?

Alle verksemdar skal ha stoffkartotek med sikkerhetsdatablad for helsefarlege og brann- og eksplosjonsfarlege stoff (til dømes plantevernmiddel, olje og vaskemiddel). Sikkerhetsdatabladet skal vere tilgjengeleg der kjemikalia blir lagra, og der dei blir brukte.

Stoffkartoteket kan vere elektronisk og/eller i papirutgåve, og det skal vere bygd opp slik at det er lett å søkje fram informasjon om det enkelte kjemikaliet.

Leverandørar av kjemikalium har plikt til å skaffe til vegar sikkerhetsdatablad.

Sikkerhetsdatablada gjev informasjon om behandlingmåte og førstehjelp

Sikkerhetsdatabladet inneheld livsviktige opplysningar for lege og sjukehus. Ha sikkerhetsdatablada tilgjengelege, slik at helsepersonell og hjelpemannskap fort kan finne opplysningar om behandlingmåte. Sikkerhetsdatabladet inneheld også instruksar om nødvendig førstehjelp som ein kan utføre utan medisinsk kompetanse eller avansert utstyr.

Mellomlagringskanner skal ha etikettar med informasjon som svarer til den på originalemballasjen.

Informasjonen på sikkerhetsdatabladet er viktig for vurdering av arbeidsmiljø og risiko

Sikkerhetsdatablad er systematisk oppbygde. Dei inneheld 16 punkt som alltid står i same rekkefølgd. Det er bestemte opplysningar som skal stå i kvart punkt. Punkt 2, 4, 7, 8 og 11 er særleg viktige å ta omsyn til når ein skal vurdere arbeidsmiljø og risiko:

Punkt 2 – Viktigaste faremoment: Dette er «konklusjonen» på databladet, der det står kva faremoment som er knytte til stoffet når det gjelder helse, brann og miljø. Her står det kva for faremerke som skal stå på emballasjen.

Punkt 4 – Førstehjelpstiltak: Her står det opplysningar om førstehjelpstiltak. Tiltaka skal vere forklarte slik at ein kan forstå dei utan spesiell opplæring, og ein skal kunne gjere dei utan avansert utstyr.

Punkt 7 – Handtering og lagring: Her står det kva eigenskapar og farar som er knytte til stoffet. I tillegg inneheld punktet rettleiing i korleis ein skal handtere og lagre stoffet.

Punkt 8 – Eksponeringskontroll og personleg verneutstyr: Her står det korleis ein skal førebyggje skadar, og kva verneutstyr ein må bruke, dersom dette er nødvendig.

Punkt 11 – Helsefareopplysningar (toksikologiske opplysningar): Dette punktet gjev opplysningar om korleis stoffet blir teke opp i kroppen. Det fortel også kva verknad kjemikaliet har, både ved akutt og ved gjenteken eksponering. Dette punktet er utarbeidd med tanke på bedriftshelseteneste og medisinsk personell.

Punkt 10 – Stabilitet og reaktivitet: Dette punktet gjev opplysningar om moglegheita for at det kan skje farlege reaksjonar.

Punkt 13 og 14 gjev opplysningar om høvesvis avfallshandtering og transport.

Ein av grunnane til at sikkerhetsdatablada er så omfattande, er at dei er verktøy for både småbedrifter og store industriføretak – også slike som lagar eigne blandingar. Sikkerhetsdatablada skal gje viktige opplysningar mellom anna om transport og lagring, og om stoff som er sette saman av fleire komponentar. Som bonde treng du ikkje all denne informasjonen, men for brannmannskap og helsepersonell er dette avgjerande. Difor skal heile sikkerhetsdatabladet finnast der kjemikaliet blir brukt – og det skal vere lett tilgjengeleg for alle.

Giftinformasjon

Informasjon om giftstoff får du på telefon 22 59 13 00. Dette nummeret bør du lagre på telefonen slik at du finn det raskt i ei krise.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

§ Krav

Forskrift om utførelse av arbeid	Lovkrav
----------------------------------	---------

2.5.8 Er det sett i verk tiltak for å minske støveksposering?

På ein gard er det mange arbeidsoperasjonar som inneber at ein kan bli eksponert for biologisk materiale som kan framkalle sjukdom, til dømes parasittar, sopp og bakteriar. Før ein byrjar arbeidet, skal ein vurdere risiko og setje i verk eventuelle vernetiltak.

Støv i landbruket kan innehalde mikroorganismar (bakteriar, soppsporar o.l.). Både støv og biologisk materiale kan gje helseplager i form av luftvegslidingar, augeirritasjonar, snue og andre lidingar. Godt reinhald og gode arbeidsrutinar minskar eksponeringa for støv. Du må gjere tiltak for å minske eksponeringa for støv og biologisk materiale. Rutinemessig reinhald av førsiloar og andre stader der det kan utvikle seg myglsopp, er eit døme på tiltak. Støvkjelder skal, så langt det er råd, fjernast eller byggjast inn.

Bruk støvmaske ved støvutsette arbeidsoperasjonar. Støvmasker er merkte etter filtreringsevna. I landbruket er det viktig at ein bruker masker med merking P2 eller P3. Oversikt over filtertypar finn du på arbeidstilsynet.no.

2.5.9 Er det punktavsug, eller god nok ventilasjon, der køyretøy blir starta eller brukte inne, og der det blir sveisa, slipt eller utført liknande arbeid?

Når ein arbeider i innestengde lokale, er det viktig å ha god nok ventilasjon. Arbeidet ein utfører, og utstyret ein bruker, vil avgjere kva som er godt nok. Viss du vil få vurdert ventilasjon og luftkvalitet, kan leverandørar av ventilasjonsanlegg eller bedriftshelsetenesta i samarbeid med Norsk Landbruksrådgiving vere til hjelp.

§ Krav

Forskrift om utførelse av arbeid	Lovkrav
----------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

2.5.10 Har du driftsopplegg som gjer at du reduserer faren for forgifting frå silogass, gjødselgass eller annan gass?

Dødelege gassar

Dei gassane som inneber størst dødsrisiko i landbruket, er silo- og gjødselgassar. Desse gassane er blandingar av fleire ulike gassar som kan gje helseskade eller føre til død. Nokre av silo- og gjødselgassane har verken farge eller lukt og kan difor ikkje merkast før det er for seint. Både silo- og gjødselgassane fortrengrer oksygen, noko som kan føre til kveling. Gassane kan vere giftige òg. Ein må syte for nok oksygen før ein går inn i eit rom der det er fare for dødelege gassar. Dersom det er fare for oksygenmangel, kan ein bruke trykkluftflasker eller kompressortilført luft som verneutstyr. Får du behov for redningsinnsats, kontakt brannvesenet på telefon 110.

Silogassar

Faren for silogass er størst ved innlegging, jamning/pakking, pålegging og avtaking av press, eller dersom det har vore eit opphald i legginga. Det blir utvikla gass heilt til grasmassen er ferdig ensilert. Viss gjæringa byrjar på ny, byrjar gassproduksjonen på ny òg. Det er viktig å etablere gode rutinar for utlufting. Bruk alltid silovifte.

Gjødselgass

Ver merksam når du rører om i gjødsellageret, og når du oppheld deg ved tappegropa og gjødselvogna. Sjå til at det er ekstra god ventilasjon og gjennomtrekk i husdyrrom.

Ammoniakk

Ammoniakk er ein kraftig luftvegsirritant. Langvarig eksponering kan gje kronisk irritasjon av auge, nase og øvre luftveggar, medan høg eksponering kan gje rask død.

Tips om sikker lagring og rett bruk av husdyrgjødsel kan du finne på fylkesmannen.no.

§ Krav

Forskrift om utførelse av arbeid	Lovkrav
----------------------------------	---------

2.6 BARN OG UNGDOM

2.6.1 Finst det trygge leikeområde for born på garden?

Sjå til at born har trygge område å vere på. Born skal ikkje vere passasjerar på traktor eller anna utstyr dersom det ikkje finst ekstra sete med sikring.

Born og ungdom under 18 år skal ikkje setjast til arbeid som kan medføre særleg risiko, eller som overstig den fysiske eller mentale yteevna deira. Det skal gjennomførast ei risikovurdering før born eller ungdom blir sette i arbeid.

Krav til opplæring ved bruk av arbeidsutstyr, og dokumentasjon av dette, gjeld også for eigne born.

§ Krav

Arbeidsmiljøloven	Lovkrav
-------------------	---------

2.7 BRANNSIKRING

2.7.1 Er det gjort tiltak som hindrar brann i utstyr og bygningar ved sveising, sliping eller andre varme arbeid?

Viss du skal sveise, slipe, skjere, lodde e.l., må det vere gjort tiltak som hindrar brann i utstyr og bygningar. Du må ha eigna sløkkjemiddel tilgjengelege rett ved der du arbeider.

§ Krav

Forskrift om utførelse av arbeid	Lovkrav
----------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



2.7.2 Har du sertifikat for varme arbeid?

Sertifikat for varme arbeid er eit krav for alle som utfører arbeid som kan utvikle varme (til dømes sveising eller sliping).

Varme arbeid er ei årsak til mange brannar også i landbruket. Eit kurs gjev deg nyttig kunnskap om moglege brannfarar og kva krav som blir stilt til deg som næringsdrivande. Dersom du greier eksamen, får du eit sertifikat som er gyldig i 5 år.

Forskrift om brannforebygging kapittel 3 inneheld føresegner om kva brukarane av ei bygning skal gjere for å førebyggje brann. I tillegg har forsikringsbransjen eigne sikkerheitsforskrifter for korleis varme arbeid skal utførast. Desse sikkerheitsforskriftene er ikkje offentlege forskrifter, men er føresegner som følgjer forsikringsavtalen. Du har difor plikt til å følgje disse føresegnene viss du har forsikring.

Meir informasjon om forsiktighetsreglar ved varme arbeid finn du på **lbk.no**.

§ Krav

Forskrift om brannforebygging	Lovkrav
-------------------------------	---------

2.7.3 Er rømmingsvegar opne og rydda (også rydda for snø)?

Bygningar og arbeidsplassar skal ha nok rømmingsvegar og naudutgangar. Desse skal alltid vere opne for fri ferdsel, og det skal vere lett å opne dei innanfrå utan spesielle hjelpemiddel. Dører som er plassert i rømmingsvegen, skal opne i rømmingsretrninga.

Kor mange rømmingsvegar og naudutgangar det skal vere, og korleis dei skal fordelast og dimensjonerast, er avhengig av korleis arbeidsplassen blir brukt, kva utstyr og dimensjonar han har, og kor mange personar som maksimalt kan vere til stades.

Rømmingsvegar og naudutgangar skal så direkte som mogleg føre ut i det fri eller til eit sikkerheitsområde eller rom som er tilrettelagt for å beskytte mot farar som kan oppstå, og der arbeidstakarane kan opphalde seg i sikkerheit inntil dei kan reddast eller faren er over.

Rømmingsvegane må ikkje vere sperra av snø om vinteren.

I driftsbygningar skal det vere uhindra tilgang til minst to rømmingsvegar. For husdyrrom gjeld det eigne tilrådingar. Du finn utfyllande informasjon i kvar enkelt standard.

§ Krav

Arbeidsplassforskriften	Lovkrav
-------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

2.7.4 Har du/de øvd på evakuering ved ei krise?

Utarbeid ein rømmingsplan for heimen og garden, og øv på han. Det krevst ikkje at dyra skal øve på evakuering, men at alt som er av folk på garden, skal kjenne til og øve på sine oppgåver ved ei krise.

Husdyrrom skal ha to utgangar eller rømmingsvegar

Frå husdyrrom må det alltid vere to utgangar eller rømmingsvegar som er tilpassa dyrearten, og som er tilrettelagde slik at det er lett å evakuere dyr. Dyr vil lettast følgje vegar dei har gått før, så slike vegar bør vere utførte som rømmingsvegar. Rømmingsvegar med retningsforandringar og nivåskilnader eignar seg dårleg.

Rømmingsvegar bør ha plass til to dyr i breidda

Som regel vil ein kunne evakuere raskare dersom det er lagt til rette for at to dyr kan passere samtidig. Dei gjeldande minimumsbreiddene er sette for å hindre at dyr kiler seg fast. TEK 10 (med oppdateringar, no TEK 17) omtaler også breidda på rømmingsvegar slik: «Utganger eller rømmingsveier må ha fri breidde på minimum 1,6 m fra rom for okser, kuer, hester og minimum 1,0 m fra rom for gris, sau og geit.»

Utgangsdører må ikkje kunne sperrast av snø eller is

Dører som slår utover, og som fører ut i det fri, må ikkje kunne sperrast av snø eller is. Takoverbygg eller snøfangarar på tak o.l. vil kunne forhindre dette.

§ Krav

Forskrift om brannforebygging	Lovkrav
-------------------------------	---------

2.7.5 Er det nok sløkkjeutstyr i bygget, er det plassert lett synleg, og er det klart til bruk?

I byggjeforskriftene er kravet om nok sløkkjeutstyr formulert slik: «I eller på alle byggverk der brann kan oppstå, skal det være manuelt brannsløkkingsutstyr for effektiv slokkeinnsats i brannens startfase.»

Plasser brannsløkkingsapparat ved inngangar til / utgangar frå alle brannceller

Faglege tilrådingar seier at det minimum skal vere eitt brannsløkkingsapparat ved inngangar til / utgangar frå alle brannceller, og i alle rom med stor brannbelastning. Ved inngangsdører der det er plassert eit brannsløkkingsapparat, bør det vere eit oppslag om at det er plassert apparat innanfor døra.

I samband med den årlege gjennomgangen din av elektrisk anlegg og utstyr er det viktig at du vurderer om du har nok brannsløkkingsutstyr.

Norsk Standard set krav til brannsløkkingsapparat

Ifølgje *NS-EN 3-7 Brannmaterieill – Håndslukkere Del 7: Egenskaper, ytelseskrav og prøvingsmetoder* kan handsløkkjeapparat vere pulverapparat på minimum 6 kg med ABC-pulver eller skum- og vassapparat på minimum 9 liter eller på minimum 6 liter og med effektivitetsklasse minst 21A. (Effektivitetsklasse er ein del av informasjonen du finn på apparatet)

Brannsløkkingsutstyr skal oppbevarast lett tilgjengeleg og vere klart til bruk.

§ Krav

Arbeidsplassforskriften	Lovkrav
-------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

2.7.6 Blir traktoren parkert i ein eigna/godkjend garasje eller på ein stad der det ikkje er fare for at ein brann kan spreie seg til bygningar (til dømes utandørs)?

For køyretøy med hovudstraumbrytar skal golvet i garasjen/parkeringsrommet vere tett og ha ei overflate som ikkje er brennbar. Kravet gjeld arealet under traktoren og 1 meter utanfor.

For køyretøy som ikkje har hovudstraumbrytar, krevst det at heile golvet i garasjen skal vere tett og ha ei overflate som ikkje er brennbar.

Det blir ikkje stilt krav til veggjar eller himling i garasjen. Dette gjeld anten garasjen er ei eiga bygning eller han ligg i eller ved ei anna bygning. Golv med tett og ikkje brennbar overflate kan vere en stålplate lagd på tregolv. I garasjen er det påbode å ha minst eitt brannsløkkingsapparat.

2.7.7 Blir tanka for gass, drivstoff og anna brensel kontrollert jamleg og i samsvar med offentlege krav?

Overflatetankar

Som eigar og/eller brukar av flytande og gassformig brensel samt tilhøyrande utstyr og anlegg skal du sjå til at dette blir oppbevart, brukt og drifta på ein forsvarleg måte. Det må lagast drifts-, vedlikehalds- og kontrollplanar. For å forenkle og tydeleggjere arbeidet bør de bruke sjekklister der det står oppført kontrollpunkt og intervall. Oljetankar skal plasserast slik at dei ikkje utgjør nokon brann- og/eller eksplosjonsfare, og minimum 5 meter frå brennbart materiale eller brennbare bygningar.

Nedgravne tankar

Alle som har tankar som inneheld olje eller diesel, er ansvarlege for å hindre lekkasjar frå dei. Brukaren er ansvarleg for at det blir utført jamleg tilstandskontroll av nedgravne oljetankar med kapasitet på meir enn 3200 liter. Kontrollen skal gjennomførast av ein kommunalt godkjend kontrollør, og han skal dokumenterast skriftleg. Kor ofte det skal vere kontroll, er avhengig av kva slags tank det er.

Viss du tar tankar som ikkje er i bruk, skal kommunen ha skriftleg melding om det. Nedgravne oljetankar som blir tekne ut av bruk for godt, skal tømmast og gravast opp. Tankar som ikkje kan brukast opp att utan at det er fare for lekkasje, skal destruerast. Kommunen kan i særlege tilfelle gje løyve til at tankar som blir tekne ut av bruk for godt, blir gjort reine og fylte med sand, grus o.l. i staden for å bli gravne opp.

Gass

Gassanlegg skal kontrollerast av eit akkreditert inspeksjonsorgan. Les meir om kontrollrutinar på **dsb.no**.

§ Krav

Forskrift om håndtering av farlig stoff	Lovkrav
---	---------

	Svar	
Ja	Nei	Ikke aktuelt

2.7.8 Blir drivstoff, brensel og andre brannfarlege stoff oppbevarte på sikker avstand til brennbart materiale og i samsvar med aktuelle forskrifter?

Overflatetankar

Som eigar og/eller brukar av flytande og gassformig brensel samt tilhøyrande utstyr og anlegg skal du sjå til at dette blir oppbevart, brukt og drifta på ein forsvarleg måte. Det må lagast drifts-, vedlikehalds- og kontrollplanar. For å forenkle og tydeleggjere arbeidet bør de bruke sjekklister der det står oppført kontrollpunkt og intervall. Oljetankar skal plasserast slik at dei ikkje utgjer nokon brann- og/eller eksplosjonsfare, og minimum 5 meter frå brennbart materiale eller brennbare bygningar.

Nedgravne tankar

Alle som har tankar som inneheld olje eller diesel, er ansvarlege for å hindre lekkasjar frå dei. Brukaren er ansvarleg for at det blir utført jamleg tilstandskontroll av nedgravne oljetankar med kapasitet på meir enn 3200 liter. Kontrollen skal gjennomførast av ein kommunalt godkjend kontrollør, og han skal dokumenterast skriftleg. Kor ofte det skal vere kontroll, er avhengig av kva slags tank det er.

Viss du tar tankar som ikkje er i bruk, skal kommunen ha skriftleg melding om det. Nedgravne oljetankar som blir tekne ut av bruk for godt, skal tømmast og gravast opp. Tankar som ikkje kan brukast opp att utan at det er fare for lekkasje, skal destruerast. Kommunen kan i særlege tilfelle gje løyve til at tankar som blir tekne ut av bruk for godt, blir gjort reine og fylte med sand, grus o.l. i staden for å bli gravne opp.

Gass

Gassanlegg skal kontrollerast av eit akkreditert inspeksjonsorgan. Les meir om kontrollrutinar på **dsb.no**.

§ Krav

Forskrift om håndtering av farlig stoff	Lovkrav
---	---------



2.7.9 Er det gjennomført periodisk kontroll av brannsløkkingsutstyr?

Periodisk kontroll av handsløkkjarar skal utførast etter NS 3910 av kvalifisert servicepersonell. Kvalifisert servicepersonell kan også vere tilsette på garden som er sertifiserte for å utføre ein slik kontroll.

Oversikt over serviceintervall etter NS 3910 finn du på **3fbrannvern.no**.

Brannsløkkjarar blir ofte kontrollerte hos brannvesenet lokalt. Det finst også egne firma som utfører slike kontrollar. På **rvb.no** finn du oversikt over dei som kan utføre ein slik kontroll.

§ Krav

Forskrift om brannforebygging	Lovkrav
-------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

2.7.10 Er det installert brannalarmanlegg i driftsbygninga?

Storfe

Alle driftsbygningar der ein held meir enn 30 storfe, skal ha eit tilfredsstillande system for varsling av brann.

Småfe

Når det gjeld driftsbygningar med småfe, er kravet at bygninga skal ha brannalarmanlegg dersom ein held 30 vinterfôra dyr eller meir der. Vinterfôra dyr er avlsdyr per 1. januar. Avlsdyr er småfe inkludert årslam som ein bruker eller planlegg å bruke til avl, og som er påsette/bedekte eller planlagde påsette/bedekte. Kje som er fødde etter 1. januar, og som ikkje er avlsdyr den vinteren dei er fødde, tel ikkje med i grunnlaget. Ein legg til grunn at dei fleste kje blir fødde etter 1. januar.

Svin

Alle driftsbygningar der ein held meir enn 10 purker, rånar og/eller ungpurker eller 60 slaktegrisar eldre enn 10 veker, skal ha tilfredsstillande system for varsling av brann. I kombinerte buskapar reknar ein det samla talet på svin slik at 1 purke, 1 ungpurke eller 1 râne tel like mykje som 6 slaktegrisar.

Fjørfe

Hvis det byrja brenne, er det urealistisk å evakuere fleire tusen fjørfe. Du bør difor leggje vekt på å fjørbyggje brann. Om uhellet skulle vere ute, vil eit brannalarmanlegg gje tidleg varsling og ei reell moglegheit for sløkking.

På mattilsynet.no finn du meir informasjon om føresegner om brannsikring i fjøs.

For driftsbygningar som er sette opp i samsvar med *byggteknisk forskrift* frå 2010 (TEK 10, og vidareført i TEK 17), gjeld kravet om brannalarm frå første dyr.



2.7.11 Er det gjennomført periodisk kontroll av brannalarmanlegg?

Brannalarmanlegg skal kontrollerast årleg av kvalifisert personell.

Den som eig brannalarmsystemet, og den som har godkjenninga for det, skal inngå ein servicekontrakt som skal sikre at det blir utført service på anlegget minst éin gong i året.

Den årlege servicen skal utførast av godkjenningssinnehavaren eller av det godkjende serviceføretaket hans. Det skal ikkje vere meir enn eitt år (+/- 1 måned) mellom kvar service. Dette er fastsett i FG-reglar for automatiske brannalarmanlegg i gardsbruk og gartneri.

§ Krav

FG-regler for automatiske brannalarmanlegg i gårdsbruk og gartneri.	Bransjekrav
---	-------------

2.7.12 Har dyrerom for fjørfe og/eller svin alarm som varslar straumbrot og for høg eller for låg temperatur?

I dyrerom for svin og for fjørfe kan straumbrot få fatale konsekvensar. I slike rom skal det difor vere installert alarm i tilknytning til ventilasjon og temperatur, og denne skal funksjonstestast jamleg. Alarmsystemet skal vere slik at alarman kan oppfattast av personar som veit kva for tiltak dei skal setje i verk.

§ Krav

Forskrift om hold av svin	Lovkrav
Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav

2.8 EIGENKONTROLL AV ELEKTRISK ANLEGG - GJENNOMGANG AV SJEKKLISTE

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

2.8.1 Har de gode reinhaldsrutinar for alt elektrisk utstyr?

De bør reingjere vifter og anna elektrisk utstyr jamleg for å hindre at det oppstår brann og for å sikre drifta. De må ikkje spyle elektriske apparat og utstyr, med unntak av apparat som er laga for å tole slik behandling (høgtrykksspyling berre ved kapslingsgrad minimum IP56, spyling med hageslange berre ved kapslingsgrad minimum IP44). Ver merksam på at brannar også kan oppstå i elektriske apparat. Pass difor på å kople ifrå apparat som ikkje er i bruk. Elektriske flugefangarar o.l. bør reingjerast med ein fuktig klut, aldri spylast.

2.8.2 Er det montert overspenningsvern, og har i så fall ein elektrikar kontrollert om det oppfyller offentlege krav?

Kravet om overspenningsvern er nedfelt i Norsk Elektroteknisk Komité (NEK) sin standard for elektriske anlegg. Viss du er i tvil om det monterte overspenningsvernet er i tråd med dei gjeldande reglane, må du ta kontakt med ein elektrikar.

§ Krav

Forskrift om elektriske lavspenningsanlegg	Lovkrav
--	---------

2.8.3 Er det montert jordfeilbrytar i samsvar med offentlege krav, og testar du denne jamleg for å vere sikker på at han fungerer slik han skal?

Det er krav om at det skal vere montert jordfeilbrytar i alle nye bygg. Dersom du endrar på det elektriske anlegget, kan det medføre at du må byte ut jordfeilbrytaren for at han skal fungere som han skal. Sjekk med ein elektrikar viss du er i tvil om jordfeilbrytaren er i samsvar med offentlege krav.

Alle jordfeilbrytarar skal ha ein testfunksjon. Du må teste jordfeilbrytarar innimellom, slik at dei ikkje heng seg opp. Viss du trykkjer inn testknappen, skal jordfeilbrytaren slå ut. Viss han ikkje gjer det, er det feil på brytaren, og då må du kontakte ein elektrikar.

§ Krav

Forskrift om elektriske lavspenningsanlegg	Lovkrav
--	---------

2.8.4 Blir det ført tilsyn med sikringsskåp, og blir dei vedlikehaldne?

Sikringsskåp og tavlerom bør byggjast inn i eigne brannceller, slik at ein eventuell brann ikkje spreier seg. Skåpet skal vere tett og haldast ryddig, og døra skal vere att.

§ Krav

Forskrift om elektriske lavspenningsanlegg	Lovkrav
--	---------

2.8.5 Har vifter og andre apparat med elektriske motorar vern mot overoppheting og brann?

Elektriske motorar er ofte kjelde til brann. Du bør difor sikre dei mot overoppheting og brann ved bruk av motorvern, jordfeilbrytar på kursen eller andre sikringstiltak.

Ver obs på at det kan vere spesielle krav knytte til ventilasjonsanlegg for enkelte husdyrslag. Kva som ligg i desse krava, finn du i den aktuelle husdyrstandarden.

§ Krav

Forskrift om elektriske lavspenningsanlegg	Lovkrav
--	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

 **2.8.6 Blir det gjennomført fagleg kontroll av det elektriske anlegget minimum kvart tredje år?**

Den som eig produksjonsdyra, eller ein annan som har ansvar for dei, skal sørge for at det blir gjennomført fagleg kontroll av det elektriske anlegget minimum kvart tredje år.

Les meir om kva fagleg kontroll er, og korleis han blir gjennomført, på fgsikring.no.

§ Krav

Elkontroll av elanlegg med registrering i FG-kontroll	Bransjekrav
---	-------------

2.9 OPPLÆRING AV LEIARAR OG ARBEIDSLEIARAR

 **2.9.1 Har du som arbeidsgjevar, og eventuelle arbeidsleiarar på garden, gått gjennom lovpålagd opplæring i HMS-arbeid?**

Arbeidsgjevarar og arbeidsleiarar må få opplæring i HMS-arbeid

Arbeidsmiljølova stiller krav om at arbeidsgjevarar skal gå gjennom opplæring i HMS-arbeid. Plikta gjeld arbeidsleiarar òg, det vil seie arbeidstakarar som har i oppgåve å leie eller kontrollere andre arbeidstakarar. Kva opplæringa skal innehalde, og kor omfattande ho skal vere, er står i ei rettleiing som Arbeidstilsynet har gjeve ut. Opplæringskravet gjeld også når ein har tilsette og/eller avlørsarar som er tilsette i avlørsarlag. Kravet gjeld ikkje berre når ein har fast tilsette, men også når ein hentar inn tilfeldig hjelp eller familiehjelp, når ein organiserer bytearbeid med naboar, osv. Ein må dokumentere at opplæringa er gjennomført.

Kurset «Praktisk HMS-arbeid» gjev den nødvendige opplæringa

Ein kan få opplæringa ein treng, ved å ta kurset «Praktisk HMS-arbeid» frå Norsk Landbruksrådgiving. Dette kurset er tilpassa landbruket og oppfyller krava som lova stiller til HMS-opplæring.

§ Krav

Arbeidsmiljøloven	Lovkrav
-------------------	---------

2.10 FOR DEG SOM HAR TILSETTE ELLER LEIGER INN ARBEIDSKRAFT T.D. GJENNOM AVLØYSARLAG

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



2.10.1 Allmenngjort tariffavtale. Tariffavtalen for landbruket er allmenngjort. Dvs. at i landbruket har vi ei minsteløn som svarar til tariffavtalen for landbruk og gartneri. Har alle dine tilsette avtale og løn som er tilfredsstillande etter tariffavtalen?

Alle tilsette, også sesongarbeidarar, skal ha skriftleg arbeidsavtale. Avtalen skal vere på eit språk både arbeidstakaren og arbeidsgjeveren forstår, og han skal minst innehalde opplysningar om

- kven avtalen er mellom
- kvar arbeidsplassen er
- kva arbeidet går ut på
- kva dato arbeidstilhøvet byrjar
- kor lenge arbeidstilhøvet skal vare, viss det er mellombels
- eventuelle prøvetidsvilkår
- kva rettar arbeidstakaren har når det gjeld ferie, feriepengar og fastsetjing av ferietidspunkt
- oppseiingsfristar
- lønn, kva tillegg som inngår i lønna, utbetalingsmåte og utbetalingstidspunkt
- lengda på arbeidsdagen, kva tid arbeidsdagen byrjar, og arbeidstid per veke
- eventuelle pausar i løpet av arbeidsdagen, **og informasjon om pausane er betalte**
- eventuelle særlege arbeidstidsordningar
- tariffavtalar som regulerer arbeidstilhøvet

Skjema for arbeidsavtalar finn du på heimesidene til Norsk Landbruksrådgiving eller Arbeidstilsynet.

For avløysarar i avløysarlag gjeld det særlege ordningar

Avløysarar som er tilsette i eit avløysarlag, har arbeidsavtale med avløysarlaget. I tillegg skal bonden og avløysarlaget inngå ein avtale. Vidare skal bonden i samarbeid med avløysaren utarbeide ein instruks for arbeidet. Elles har bonden ansvaret for sikkerheita, arbeidsmiljøet og opplæringa til avløysaren, på same måte som med dei andre tilsette på garden.

Allmenngjorde tariffavtalar gjeld i landbruket og gartnerinæringa

Landbruket og gartnerinæringa er no ein del av ordninga med allmenngjorde tariffavtalar. Les meir på **arbeidstilsynet.no**.

Ein allmenngjord tariffavtale er ein avtale om lønns- og arbeidsvilkår som gjeld for alle som utfører arbeid innanfor tariffområdet, sjølv om ein ikkje er omfatta av avtalen. Allmenngjering av tariffavtalar er eit av fleire verkemiddel for å hindre at utanlandske arbeidstakarar får dårlegare lønns- og arbeidsvilkår enn det som er vanleg i Noreg.

Som arbeidsgjevar har du plikter overfor andre enn dine eigne arbeidstakarar. Desse pliktene omfattar mellom anna arbeidsmiljø og arbeidstid (sjå *arbeidsmiljølova* § 2-2).

§ Krav

Arbeidsmiljøloven	Lovkrav
Arbeidsmiljøloven	Lovkrav

2.10.2 Berekning av minsteløn - veit du korleis dette utførast?

Alle tilsette skal lønast i den stillingsbrøken dei er tilsett, også dersom det ikkje er tilstrekkelege oppgåver til å fylle timane. Dei tilsette har plikt til å stilla på jobb i samsvar med arbeidsavtalen.

Minsteløn bereknast per time, og etter tabell (<https://www.nhmd.no/arbeidsforhold-og-tariff/tariff/overenskomster/jordbruk/>). Ynskjer arbeidsgjevar å motivere arbeidstakarar ytterlegare kan ein i tillegg berekne akkordbasert løn. Det går føre seg ved at minsteløn utbetalast, men at den kan bli forhøya for særleg effektive tilsette. I norsk landbruk er det ikkje lov å utbetale lågare løn enn minimumsløna. Løn kan gjennomsnittsbereknast etter gitte kriteria.

		Svar
Ja	Nei	Ikke aktuelt

2.10.3 Har alle tilsette eigen lønskonto?

Mange av mediesakene om dårlege arbeidstilhøve i landbruket kunne ha vore unngått dersom alle arbeidstakarar får utbetalt løn til eigen konto. Konto kan opprettast i norsk bank. Løn kan også utbetalast til utanlandske kontoar.

Landbruksorganisasjonane anbefaler å unngå utbetaling til felleskontoar, då dette kan medføre at dei tilsette ikkje mottok heile løna.

2.10.4 Er eventuelle vilkår for husleie og diett avklart i arbeidsavtalen?

Prisen for bolig og diett må vera innanfor visse rammer, og det er viktig at dette ikkje går ut over kva standard, kvalitet og plassering tilseier. Dersom det skal trekkast i løn for slike ytingar må dette gå fram av arbeidsavtalen og lønsslipp. Fri bolig og diett er skattepliktig.

2.10.5 Får alle tilsette godkjend lønsslipp?

Arbeidstakarane har krav på informasjon om lønsutbetalinga. Lønsslippen er ei kvittering som skal vise bruttoløn, trekt skatt, andre trekk og feriepengesgrunnlag. Det er viktig å gjera lønsslippen forståeleg for arbeidstakarane. Ved feil utbetalt løn er det normalt ein føresetnad for krav om tilbakebetaling at arbeidstakar forstod eller burde forstått at det er utbetalt for mykje.

2.10.6 Har du eit bevisst forhold til bruk av mellommenn ved tilsettinga?

Mange utanlandske tilsette blir tilsett gjennom organisasjonar eller privatpersonar som formidlar arbeidskraft. Det er likevel viktig at hovudregelen er at arbeidsforholdet går føre seg mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar. Du som arbeidsgjevar har eit ansvar for dine arbeidstakarar, også når det er leigd inn via arbeidsformidlarar.

2.10.7 Er det eigna personalrom for dei tilsette på garden?

Avløysarar og andre som har eit arbeidstilhøve på garden, skal ha tilgjenge til toalett, vask, dusj og garderobe der ein kan byte klede. Dei skal også kunne tørke klede og fottøy, og dei skal ha tilgjenge til eit eigna rom der dei kan ete.

§ Krav

Arbeidsplassforskriften	Lovkrav
-------------------------	---------

2.10.8 Har dei som arbeider på føretaket, tilgjenge til eit godt reinhalde sanitæranlegg nær der dei arbeider?

Tilgjenge til reine toalett og moglegheit for å vaske seg er viktig for hygienen til dei tilsette og for at produkta garden leverer, skal vere reine.

Skjema for å loggføre reinhald finn du på [ksl.no](https://www.ksl.no).

§ Krav

Arbeidsplassforskriften	Lovkrav
-------------------------	---------

2.10.9 Er du kjend med dei særlege omsyna landbruket stiller under covid-19 pandemien, og har du lest Mattilsynet sin smittevernrettleiar for grøntproduksjon?

Samla råd, spesielt med omsyn til tilsette, karantene og andre relevante spørsmål, finn du på Mattilsynet si nettside. Du bør vera kjend med rettleiaren, den finn du her:

https://www.mattilsynet.no/Utbrudd_av_koronavirus/Dyrking_og_planter/

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

 **2.10.10 Har du yrkesskadeforsikring for alle som arbeider på garden, og som har krav på det etter reglane?**

Som arbeidsgjevar har du plikt til å teikne yrkesskadeforsikring for alle som er tilsette hos deg. Som sjølvstendig næringsdrivande må du teikne friviljug yrkesskadetrygd for å få yrkesskadedekning og dermed rett til særytingar ved yrkesskade. Søknadskjema får du frå Nav eller på **nav.no**.

§ Krav

Yrkesskadeforsikringsloven	Lovkrav
----------------------------	---------

2.10.11 Er du kjend med regelverket for obligatorisk tenestepensjon (OTP)?

Lov om obligatorisk tenestepensjon tok til å gjelde 1. januar 2006. Lova inneber at dei fleste arbeidsgjevarar må ha tenestepensjonsordning for alle tilsette. Arbeidsgjevarar som allereie har pensjonsordning, må sjå til at ordninga oppfyller minstekravet i lova.

Obligatorisk tenestepensjon gjeld for føretak som har

- minst to personar i føretaket som begge har ei arbeidstid og ei lønn som utgjør 75 % eller meir av full stilling
- minst éin arbeidstakar utan eigarinteresser i føretaket som har ei arbeidstid og ei lønn i føretaket som utgjør 75 % eller meir av full stilling, eller
- personar i føretaket som kvar har ei arbeidstid og ei lønn som utgjør 20 % eller meir av full stilling, og som til saman utfører arbeid som svarer til minst to årsverk.

§ Krav

Lov om obligatorisk tenestepensjon	Lovkrav
------------------------------------	---------

 **2.10.12 Er det valt eit verneombod i samsvar med gjeldande reglar?**

I utgangspunktet skal det veljast verneombod ved alle verksemder. Viss verksemda har færre enn 10 tilsette, kan likevel arbeidsgjevaren og arbeidstakarane avtale at verksemda skal ha ei anna ordning, inkludert at det ikkje skal vere verneombod. Avtalen skal vere skriftleg.

I verksemder der det er valt verneombod, skal arbeidsgjevaren sjå til at verneombodet får den opplæringa som er nødvendig for å kunne utføre vervet på ein forsvarleg måte.

§ Krav

Arbeidsmiljøloven	Lovkrav
-------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

2.10.13 Er standarden på innkvarteringa i samsvar med dei gjeldande krava?

Dersom du tilbyr bustad til dei tilsette, er det bestemte krav til bustandarden. *Arbeidsmiljølova* § 4-4(4) krev at innkvarteringa arbeidstakarane får tildelt, skal vere tilfredsstillande innreidd og vedlikehalden.

Arbeidstilsynet har utarbeidd dei følgjande retningslinjene for soverom som skal brukast av sommersesongarbeidarar i landbruket:

- Soverommet bør ha eit romvolum per person på minst 7,5 m³.
- Det er lov med maksimalt 4 personar per soverom, i campingvogn maksimalt 2 personar.
- Soverom skal ha vindauge som kan opnast, og vindaugget skal kunne brukast som rømmingsveg.
- Dersom det ikkje er anna opphaldsrom, skal soverommet vere stort nok til at det kan utstyrt med bord.
- Rommet skal ha stolar med rygg, seng m.m., noko som er nødvendig av omsyn til velferda til arbeidstakarane.
- Bebuarane skal ha tilgjenge til dusj, vaskerom, toalett osv.
- Buarealet skal ha tilstrekkeleg med rømmingsvegar, røykvarslarar og slökkjeutstyr.

Desse retningslinjene er eit unntak frå hovudreglane, og dei gjeld for innkvartering i inntil 10 veker.

§ Krav

Arbeidstilsynet	Lovkrav
-----------------	---------

2.10.14 Får arbeidstakarane opplæring på eit språk dei forstår?

Dersom du har utanlandske arbeidstakarar, er det særleg viktig at du forsikrar deg om at dei har fått opplæring, og har forstått henne, før dei byrjar arbeidet. Det kan vere vanskeleg å formidle kva som ligg i HMS, på grunn av språkvanskar og kulturskilnader. Arbeidstakarane skal få informasjon om sikkerheit på eit språk dei forstår.

§ Krav

Arbeidstilsynet	Lovkrav
-----------------	---------

2.10.15 Har du rutinar for å følgje opp sjukemelde arbeidstakarar?

Som arbeidsgjevar skal du sjå til at sjukemelde blir følgde opp kontinuerleg ved hjelp av ulike tiltak. Viss ein tilsett er sjukemeld over lengre tid, skal det utarbeidast ein oppfølgingsplan, og det kan vere nødvendig med særskild tilrettelegging for den sjukemelde. Les meir om kva plikter du har som arbeidsgjevar ved sjukemelding på arbeidstilsynet.no.

§ Krav

Arbeidsmiljøloven	Lovkrav
-------------------	---------

2.10.16 Har du risikovurdert arbeidsoppgåver og sett i verk tiltak der det er gravide arbeidstakarar?

Forskrift om utførelse av arbeid stiller bestemte krav når det gjeld å risikovurdere arbeidsmiljøet med tanke på faktorar som kan skade forplantinga. Dette gjeld både faktorar som kan skade forplantingsevna, og faktorar som kan påverke gravide, dei som nyleg har født, eller dei som ammar. Ei slik risikovurdering kan utførast i samarbeid med bedriftshelsetenesta.

§ Krav

Forskrift om utførelse av arbeid	Lovkrav
----------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



2.10.17 Har du løpande oversikt over kor mykje den enkelte arbeidstakaren arbeider?

Som arbeidsgjevar må du utarbeide ei oversikt som viser kor mykje den enkelte arbeidstakaren har arbeidd. Oversikta skal vere tilgjengeleg for Arbeidstilsynet og den som er tillitsvald for arbeidstakarane. Disse føresegnene er fastsette i *arbeidsmiljølova* § 10-7 *Oversikt over arbeidstiden*.

Det gjeld eigne reglar ved arbeid utover det som er normalen

I mange samanhengar vil det vere nødvendig å arbeide fleire timar enn det som er normalen. Arbeidstilsynet har regelverk og retningslinjer for korleis ein skal søkje om og rekne ut dette. Du finn informasjon om søknad og utrekning av arbeidstid på **arbeidstilsynet.no**.

§ Krav

Arbeidsmiljøloven	Lovkrav
-------------------	---------

2.10.18 Kjenner du til omfanget av alminneleg arbeidstid?

Hovudregel: Den alminnelege arbeidstida må ikkje overstiga 9 timar i løpet av 24 timar og 40 timar i løpet av 7 dagar.

Meir omtale finn du på Arbeidstilsynet si nettside:

<https://www.arbeidstilsynet.no/regelverk/lover/arbeidsmiljoloen/10/10-4/>

§ Krav

Arbeidsmiljøloven	Lovkrav
-------------------	---------

2.10.19 Kjenner du til ordninga med gjennomsnittsberekna arbeidstid?

Gjennomsnittsberekna arbeidstid betyr at du etter avtale med arbeidstakarane kan setje opp arbeidsplanar det det nokre veker blir arbeidd meir, andre mindre. Les meir om dette på Arbeidstilsynet si nettside.

§ Krav

Arbeidsmiljøloven	Lovkrav
-------------------	---------

2.10.20 Kjenner du til krav om døgnavile og vekeskvile?

Kvart døgn må arbeidstakar få samanhengande pause (døgnavil) på minimum 11 timar, og kvar veke må det vera ei vekeskvil på 35 timar samanhengande. Når dei ulike tilsette har si arbeidstid og kviletid skal gå fram av arbeidsplana .

2.10.21 Kjenner du til reglane for pausar?

Arbeidstakar har krav på minst ein pause dersom arbeidstida overstig 5,5 timar. Dersom dagleg arbeidstid er 8 timar eller meir skal pausane til saman vera minst ein halv time.

Dersom arbeidstakar ikkje kan forlate arbeidsplassen, eller det ikkje er stilt tilfredsstillande ete-/pausefasilitetar til disposisjon (kantine, e.l.), har arbeidstakar krav på løn i pausen.

Ved arbeidstid på meir enn 11 timar har ein krav på ein ny pause på minst ein halv time. Denne pausen reknast som ein del av arbeidstida.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

 **2.10.22 Har du eit system for å registrere og følgje opp eventuelle avvik i arbeidet på garden?**

Arbeidsmiljølova pålegg alle som har tilsette, å ha eit system for å registrere og følgje opp avvik frå denne lova med tilhøyrande forskrifter. Dette kan ein gjere på ulike måtar. Ein kan til dømes bruke eigne skjema, eller ein kan ha ei hugseliste for retting av småfeil hengjande på pauserom e.l. Kva som passar, kjem an på kor stor verksemda er.

§ Krav

Internkontrollforskriften	Lovkrav
---------------------------	---------

2.11 OPPLÆRING I BRUK AV ARBEIDSUTSTYR

 **2.11.1 Har du gjort deg kjend med krav til opplæring i bruk av arbeidsutstyr, og kan du dokumentere at alle (også eigne born og kårfolk) har fått nødvendig opplæring?**

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Gjennomgåande krav til opplæring

Den som er ansvarleg for verksemda, skal sørge for nødvendig opplæring for seg sjølv og arbeidstakarane sine. Den som handterer arbeidsutstyr, varer, stoff eller produkt, skal ha nødvendig opplæring og nødvendige kvalifikasjonar for å utføre arbeidet sikkert og hanskast med dei farane som handteringa kan medføre.

Den som utfører arbeid der det er krav om å bruke hjelpemiddel eller personleg verneutstyr, skal få opplæring og om nødvendig trening i bruken av dette. Opplæringa skal skje på eit språk som arbeidstakarane forstår.

Opplæring og instruksjon av born og ungdom

Som arbeidsgjevar skal du sjå til at personar under 18 år får nødvendig opplæring og instruksjon i arbeidet. I opplæringa skal det takast særleg omsyn til at dei manglar arbeidserfaring, at dei ikkje er merksame på risikomoment, og/eller at dei ikkje er fullt utvikla.

Dokumentert sikkerhetsopplæring

Dokumentert sikkerhetsopplæring skal gjevast til arbeidstakarar som skal bruke arbeidsutstyr som krev at ein er særleg forsiktig. For å avgjere om slik opplæring er nødvendig, må du gjere ei risikovurdering av utstyret. Dokumentasjonen av opplæringa skal signerast av den som gjev opplæringa, og den som får opplæring. Den som set nokon i arbeid med farleg utstyr, må forsikre seg om at vedkomande har nok kunnskap, og eventuelt sjølv gje opplæring og sørge for at dette blir dokumentert.

Når det gjeld arbeid med dei mest brukte maskinene, er det nok at arbeidsgjevaren eller nokon som har god nok kunnskap om utstyret gjev opplæringa og dokumenterer henne.

Dette gjeld mellom anna desse maskinene (lista er ikkje uttømmende):

- traktor (ved køyring på veg krevst det sertifikat) og traktorreiskap
- sjølvgåande maskiner for jord og skogbruk (til dømes skurtreskar)
- nokre løfteinnretningar for hengande last (til dømes silotaljer)
- berbare kjedesager
- vinsj og vinsjutstyr
- vinkelsliparar (krev sertifikat for varme arbeid)
- automatiske eller halvautomatiske produksjons-, transport- eller lagringssystem (til dømes fylltømmar)
- løfte- og stablevogner for gods (til dømes truckar – krev truckførarbevis) utan fast førar plass
- personløftarar
- trallebaner og maskiner som går eller blir dregne i føringar
- hengestillas
- spikarpistolar

Den praktiske og teoretiske opplæringa skal gje arbeidstakaren ferdigheiter og kunnskap til å bruke og kontrollere arbeidsutstyret på ein sikker måte.

Skjema for dokumentert sikkerhetsopplæring finn du på **ksl.no**.

Sertifisert sikkerhetsopplæring

Nokre maskiner er underlagde strengare krav; det vil seie at opplæringa må gjevast av ein skule eller ein tilsvarande institusjon. Dette gjeld mellom anna desse maskinene (lista er ikkje uttømmende):

- bru- og traverskraner, dersom bruken medfører fare for liv og helse (gjeld ikkje silotaljer som er konstruerte som traverskran)
- (gaffel)truck med fast førar plass
- masseforflyttingsmaskiner med større effekt enn 15 kW (masseforflyttingsmaskiner omfattar mellom anna gravemaskiner og hjullastarar)
- lastebilkraner med større kapasitet enn 2 tonnmeter
- tårnkraner, mobilkraner og portalkraner

§ Krav

Arbeidsmiljøloven

Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

2.12 BEREDSKAPSPLAN, ULYKKESHANDTERING, KRISEHJELP OG RAPPORTERING



2.12.1 Har garden utarbeidd ein beredskapsplan?

Ein beredskapsplan skal innehalde oversikt over kontaktinformasjon og tiltak som er aktuelle i ei krise, til dømes ved brann, personskadar eller andre uønskete hendingar.

Som ein del av beredskapsplanen skal det også lagast ein beredskapsplakat. Ein beredskapsplakat skal ha ei skisse over driftsbygningen(/-ane) og kvar i bygningen(/-ane) ein finn sikringskåp, sløkkjeutstyr, rømmingsvegar, førstehjelpsutstyr m.m. Det er også ein fordel med opplysningar om straumkablar, vassleidningar, gassflasker og drivstofftankar, dersom desse er nedgravne. Plakaten bør ha oversikt over naudtelefonnummer (brann, politi og ambulanse), giftinformasjon og telefonnummer til handverkarar, avløyssarar eller andre som kjenner drifta. Det bør vere ein plakat i kvar driftsbygning. Plakaten skal hengjast opp slik at han er synleg når ein opnar ytterdøra til bygget. Dette er mellom anna fordi han skal gje nødvendig informasjon så raskt som råd til brann- og redningsarbeidarar som kjem for å hjelpe ved ei hending.

Du kan bestille beredskapsplakat frå Matmerk eller laste han ned frå **ksl.no**.

§ Krav

Beredskapsplan	Bransjekrav
Beredskapsplakat	Bransjekrav
Om beredskapsplan	Bransjekrav

2.12.2 Er beredskapsplanen kjend for alle på garden?

Ein beredskapsplan skal innehalde oversikt over kontaktinformasjon og tiltak som er aktuelle i ei krise, til dømes ved brann, personskadar eller andre uønskete hendingar.

Som ein del av beredskapsplanen skal det også lagast ein beredskapsplakat. Ein beredskapsplakat skal ha ei skisse over driftsbygningen(/-ane) og kvar i bygningen(/-ane) ein finn sikringskåp, sløkkjeutstyr, rømmingsvegar, førstehjelpsutstyr m.m. Det er også ein fordel med opplysningar om straumkablar, vassleidningar, gassflasker og drivstofftankar, dersom desse er nedgravne. Plakaten bør ha oversikt over naudtelefonnummer (brann, politi og ambulanse), giftinformasjon og telefonnummer til handverkarar, avløyssarar eller andre som kjenner drifta. Det bør vere ein plakat i kvar driftsbygning. Plakaten skal hengjast opp slik at han er synleg når ein opnar ytterdøra til bygget. Dette er mellom anna fordi han skal gje nødvendig informasjon så raskt som råd til brann- og redningsarbeidarar som kjem for å hjelpe ved ei hending.

§ Krav

Om beredskapsplan	Bransjekrav
-------------------	-------------

2.12.3 Er det lett tilgjengeleg førstehjelpsutstyr på garden?

Førstehjelpsutstyr skal vere lett tilgjengeleg same kvar på garden ein arbeider. Traktorar og andre maskiner bør ha nødvendig førstehjelpsutstyr. Innhaldet bør dekkje dei skadane som kan oppstå i arbeidet som blir utført, til dømes svi- eller etseskadar på hud og auge, brannskadar og kutt- og sårskadar. Vatn og augeskyljeflaske skal vere ein del av førstehjelpsutstyret når ein bruker etsande stoff.

§ Krav

Arbeidsplassforskriften	Lovkrav
-------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

2.12.4 Er det førstehjelpskompetanse på garden?

Kunnskap om førstehjelp kan vere avgjerande dersom ulykka er ute. Sørg for at alle på garden har nødvendig førstehjelpskunnskap. Ved ulykker med kjemikalium er det informasjon i sikkerhetsdatabladet om førstehjelp for folk utan medisinsk kompetanse.

§ Krav

Arbeidstilsynet	Lovkrav
-----------------	---------

2.12.5 Har du ein plan for korleis du kan handtere eventuelle kriser eller produksjonsavvik på garden?

Krisehandtering kan innebere mange ulike tiltak. Det er viktig å ha ein plan for korleis ein skal handle i ulike situasjonar.

Det kan til dømes dreie seg om

- periodar etter personlege kriser
- brann
- sjukdom på buskapen
- feil på ei levert vare som medfører at du må trekkje tilbake vara og orientere mottakarar om kva som har skjedd
- bortfall av straum over lengre periodar

Norges Bondelag har gjennom prosjektet «Tryggere sammen» sett søkjelys på lokal beredskap og krisehandtering. Sjå introduksjonsfilmen på tryggenesammen.no.

Når du registrerer eller oppdaterer kjernejournalen din på helsenorge.no (spør eventuelt fastlege om hjelp til å oppdatere informasjonen), bør du samtidig registrere om du har ansvar for dyr.

§ Krav

Tryggere sammen	Bransjekrav
-----------------	-------------



2.12.6 Kjenner du til kva plikter du har når det gjeld rapportering av skadar og ulykker på garden?

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Rettleiaren gjev ei god oversikt over pliktene du har som arbeidsgjevar.

Registrering av skadar, ulykker og sjukdommar

Som arbeidsgjevar skal du sørge for å registrere alle personskadar som oppstår under arbeidet, og all sjukdom som truleg skuldast arbeidsmiljøet. Denne plikta gjeld også for dei som ikkje har tilsette.

Skjema for registrering av uønskte hendingar finn du hos Norsk Landbruksrådgiving HMS eller hos Arbeidstilsynet.

Melding om skade eller ulykke

Det er arbeidsgjevaren som har ansvaret for å melde frå om alvorlege ulykker og skadar til politiet og Arbeidstilsynet. Alvorlege ulykker er ulykker som fører til død, hovudskadar/hjernerystelse, brotskadar, indre skadar, tap av lekamdelar, forgiftingar, forbrenningar, etseskadar, frostskeidar og alle andre skadar som krev sjukehusinnlegging.

Får ein arbeidstakar ein skade som krev medisinsk behandling, eller som gjer at vedkomande blir arbeidsufør, må du melde frå til Nav. Du må sende meldinga snarast, og seinast innan 3 dagar. Er det ein avløyser som har skadd seg, må du varsle avløyserlaget straks slik at dei kan byrje oppfølginga si med ein gong. Kontrakten mellom deg og avløyserlaget vil vanlegvis regulere ansvaret for vidare oppfølging.

Dersom den skadde er ein person som arbeider ulønna (til dømes ein familiemedlem), er vedkomande dekt av forsikringa, ikkje gjennom NAV. Skadar på slike personar skal du difor melde direkte til forsikringsselskapet på eit eige meldeskjema. Dette får du hos selskapet ditt.

Melding av arbeidsrelatert sjukdom

I tillegg til at arbeidsgjevaren har plikt til å melde frå om skade eller ulykke, har legar plikt til å melde frå om alle sjukdommar som dei trur skuldast arbeidsmiljøet til pasienten. Dei som har mistanke om at ein sjukdom eller ei plage skuldast arbeidsmiljøet, bør informere legen om dette.

Yrkesskadeforsikring

For at ein arbeidstakar skal få rett til yrkesskadedekning, må yrkesskaden meldast til Nav innan eitt år etter at skaden har oppstått.

Dersom den skadde har arbeidd for lønn, skal skaden meldast til Nav der den skadde bur. Meldinga skal gjevast på NAV-blankett 13-07.05. Blanketten får du på NAV-kontoret, eller du kan hente han på nav.no.

Du må oppsøkje lege så fort som råd etter at ein skade har oppstått. Dette er viktig også i forsikringssamanheng. Legejournalen er nemleg viktig dokumentasjon i saksbehandlinga hos forsikringsselskapet. Dokumentasjon er viktig også med tanke på at det kan oppstå seinskadar.

Yrkesskadeforsikringa gjeld frå og med søknaden kjem til Nav, og ho har inga tilbakeverkande kraft.

Som bonde er du ikkje omfatta av yrkesskadeforsikringa, sidan du er sjølvstendig næringsdrivande. Du kan likevel teikne ei friviljug trygd for yrkesskade på det lokale Nav-kontoret.

Norsk Landbruksrådgiving HMS

Norsk Landbruksrådgiving HMS er bedriftshelsetenesta til bøndene og har som mål å bidra til å redusere skadar og yrkeslidingar i landbruket og med det sikre trivsel, kvalitet og lønnsemd i næringa. Dei viktigaste verkemidla i arbeidet er rådgeving på garden, helsekontakt og HMS-kurs.

Norsk Landbruksrådgiving: telefon 90 20 33 17, e-post: nlr@nlr.no. Les meir på hms.nlr.no.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

§ Krav

Arbeidsmiljøloven	Lovkrav
-------------------	---------

	Svar	
Ja	Nei	Ikke aktuelt